



Arne Haaland
Sandvikavegen 399
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykker:
Vår: 19/2199 - 19/29060

Saksbehandlar:
Eirik Berntsen
eirik.berntsen@lindas.kommune.no

Dato:
30.09.2019

Førebels svar med trøng for tilleggsdokumentasjon - gbnr 213/58 Eikanger nedre

Tiltak: bruksendring / fasadeendring
Byggjestad: Gbnr: 213/58
Tiltakshavar: Arne Haaland

Kommunen stadfestar å ha motteke dykker søknad 02.08.2019.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Tiltaket er i strid med arealformålet i kommuneplanens arealdel, då eigedommen ligg i område er satt av til landbruk-, natur- og friluftsformål (LNF-formål). Det må søkast dispensasjon i frå § 5.1 i kommuneplanen sin arealdel.
2. Tiltaket kjem nærmare vatn enn 50 meter, og er derfor i strid med kommuneplanen sin arealdel § 5.5 som sett ein byggegrense på 50 meter i frå sjø. Byggegrensa gjeld også bruksendringar. Det må søkast dispensasjon i frå bestemmelsen.

Søknad om dispensasjon må grunngjevast etter plan- og bygningslova §§ 19-1 og 19-2, samt nabovarslast etter normale regler i plan- og bygningsloven § 21-3.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 28.10.19. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurð dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist



Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eirik Berntsen
saksbehandler

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Arne Haaland

Sandvikavegen 399

5915

HJELMÅS